



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.11.2017
Vår ref.: 2017/8853
Arkivnr.: 521.1

Hå kommune
Postboks 24
4368 Varhaug

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll på landbruksområdet

Vi viser til brev datert 14.08.2017, der Fylkesmannen varsler forvaltningskontroll i Hå kommune 27. september 2017. Hå kommune gav tilbakemelding om at datoen ikkje passa. I e-post datert 4. september 2017 føreslo jordbrukssjef Halldor Gislason at forvaltningskontrollen blir gjennomført i januar 2018.

Fylkesmannen vil med dette brevet informere om kontrollen og avtale dato for kontroll.

Forslag til dato for kontrollen

Vi vil foreslå å gjennomføre kontrollen **tysdag 16. januar 2018**.

Som alternativ dato har vi sett opp tysdag 30. januar. Vi håper ein av desse datoane passar, og ber om tilbakemelding innan 5. desember på kva dato som passar.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med dei overordna føresetnadene og etter gjeldande lover og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane på landbruksområdet. Sist det blei gjennomført tilsvarande forvaltningskontroll i Hå kommune var 28. januar 2016.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Under kontrollen vil vi sjå nærare på kommunen si forvaltning av regelverket knytt til ordninga med produksjonstilskot, SMIL/drenering og ressursituasjonen på landbrukskontoret (oppfølging etter kontroll i 2016). Vi vil i god tid før avtalt dag komme tilbake med meir detaljar om aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

- 10.00-10.30 Formøte med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang
- 10.30-12.30 Intervju og gjennomgang av dokument
- 12.30-13.00 Sluttmøte med oppsummering av funn frå undersøkingane

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og saksbehandlar(ane) for dei ulike ordningane. I tillegg ber vi om at rådmann deltek på formøtet og sluttmøtet, og ser det som positivt dersom rådmann har anledning til å delta under heile kontrollen.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Geir Skadberg i tillegg til saksbehandlarane med ansvar for dei ulike ordningane som skal kontrollerast. Kontrollansvarleg for denne forvaltningskontrollen er Sissel C. Endresen.

Ta kontakt om det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Sissel C. Endresen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no